



Skroget før slepet starta frå Klaipeda i dag (Foto: Liegruppen)

Det vart Hellesøy Verft på Løfallstrand og ikkje Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen som fekk utrustninga av havfiskefartøyet Nye Liafjell for Liegruppen Fiskeri på Sotra. Eidsvik hadde opsjon men verftet litt lenger inne i fjorden fekk kontrakten.

Slepet av skroget starta i dag frå verftet WBS i Klaipeda i Litauen og kjem til Løfallstrand i løpet av jule- og nyttårshelga. Utrustinga tek til like over nyttår. Oppdraget sikrar Hellesøy full sysselsettjing første halvår.

Nye Liafjell er eit susterskip til rederiet sitt nybygg Liafjord, som Eidsvik utstyrte og som vart levert til Sotra-rederiet i haust. Dagleg leiar Lars Olav Lie i Liegruppen Fiskeri seier til Vestnytt at det er 'akkurat same skipet'. Etter planen skal den kombinerte snurpar og trålar vera klar til fiske i august- Hellesøy skriv i ei pressemelding at bygget er basert på gode erfaringar frå mange tidlegare nybygg og samarbeid mellom Liegruppen og og konsultentselskapet Wärtsila Ship Design på Fitjar.

uskedalen.no har bedt dagleg leiar Øystein Hellesøy om ein kommentar til at verftet har fått oppdraget i konkurranse med Eidsvik.

- Det er litt vemodig, det innrømmer eg. Vi er gode kolleger. Men i dette tilfellet var det slett ikkje vårt initiativ som låg til grunn. Vi veit at rederiet gjekk ut til verft frå Flekkefjord i sør til Møre i nord med førespurnad om å ta jobben. For vår del hadde vi slett ikkje kalkulert med dette oppdraget. Det er i alle tilfeller bra at det vart sikra for Kvinnherad,

seier Hellesøy, som fortel at førespurnaden frå Liegruppen kom for få veker sidan.

Av Ola Matti Mathisen